I tråd med gjeldande vedtekter er det representantar frå kommunale ungdomsråd i Hordaland som kan få delegatstatus på Ungdommens fylkesting. Kvar av desse vert invitert til å sende to ungdommar. Delegatane må etter vedtektene vera mellom 15 og 20 år. I kommunar utan ungdomsråd kan ein sende to ungdommar frå til dømes elevråd eller liknande til å representera kommunen.

På Ungdommens fylkesting skal følgjande sakar verte vedteken:

- Nytt ungdommens planprogram
- Val av nye medlemmar til Ungdommens fylkesutval
- Nye vedtekter
- Budsjett 2015
- I tillegg skal rekneskapet for 2014 verte godkjent.

Det vert i løpet av veka sendt ut følgjande dokument for handsaming av ungdomsråda:

- Ungdommens planprogram 2014
- Forslag til Ungdommens planprogram 2015
- Gjeldande vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval
- Forslag til nye vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Ungdommens fylkesutval oppmodar kommunane til å sende engasjert ungdom som er aktive i ungdomsrådet. Send gjerne nokon som kunne tenkt seg å stille til val til nytt ungdommens fylkesutval.

Om dykk har nokon sakar dykk brenn veldig for, så er det mogleg å sende inn sakar til Ungdommens fylkesting på førehand! Sakar sendast til [ungdommens.fylkesutval@hfk.no](mailto:ungdommens.fylkesutval@hfk.no)

Pris per person er satt til kr. 2000,- som inkluderer materiell, overnatting med frukost, middag og lunsj. Innkvartering skjer på triple rom.

Det er vanleg at kommunen du representerer på UFT vil betale for deltakinga. Undersøk dette med den som gjev deg fullmakt til å vera delegat. Reiseutgifter må dekkjast av delegaten sjølv, eller eventuelt den skulen, kommunen eller organisasjonen delegaten representerer.

Påmelding gjerast gjennom denne linken: <http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2015/Ungdommens-fylkesting-2014/> innan 23. januar.

Skulle det vera spørsmål angåande invitasjon eller påmelding kan desse rettast til Ingeborg Borgen Takle: [ingeborg.borgen.takle@hfk.no](mailto:ingeborg.borgen.takle@hfk.no). Dersom det er spørsmål til innhaldet, ta kontakt med Ungdommens Fylkesutval: [ungdommens.fylkesutval@hfk.no](mailto:ungdommens.fylkesutval@hfk.no).

Vil du vera med å påverka din eigen kvardag? Meld deg på!

Agnes Hoshovde Bernes  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

---

**Til:** Tannhelseavdelinga

---

**Frå:** Ungdommens fylkesutval

---

**Referanse**  
2014/560-139

**Dato**  
15.12.2014

## **Høyringsuttale til klinikkstrukturplan frå tannhelseavdelinga - frå Ungdommens fylkesutval**

Vi i Ungdommens fylkesutval (UFU) ser på reisetida frå distrikta til det som då blir næraste tannklinikkk som for lang.

Reisetida er slik vi forstår det med bil, ved unntak av der det står tog, og at reisetida er kvar enkelt veg. Dette vil skape store mengder fråvær frå den vidaregåande skulen, samt grunnskulen og foreldre må eventuelt ta fri frå jobb for å bringe barna sine til behandling/time hos tannlegen.

Med helsing

Agnes Hoshovde Bernes  
leiar



Arkivnr: 2014/560-146  
 Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

**Saksframlegg**
**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	16/15	23.01.2015

**Rekneskap 2014 for Ungdommens fylkesting**
**Samandrag**

Ungdommens fylkesutval forvaltar økonomien til Ungdommens fylkesting. For første gang er heile økonomien lagt til Hordaland fylkeskommune sitt system.

Ungdommens fylkesutval fekk budsjettert 230 000 kr i 2014. Det vart fordelt slik på dei ulike postane:

	Rekneskap 2014 per 060114	Budsjett 2014	Avvik
11011 Trykking			
01 Utvalsmøtar	1500	500	-1000
02 Eigen organisasjon	3000	8000	5000
03 Kurs og konferansar	0	0	0
04 Nettverkssamling	0	500	500
05 Ungdommens fylkesting	2000	7500	5500
<b>Totalt</b>	<b>6500</b>	<b>16500</b>	<b>10000</b>

**11150 Bevertning/matvarer**

01 Utvalsmøtar	20000	10000	-10000
02 Eigen organisasjon	0	0	0
03 Kurs og konferansar	1000	0	-1000
04 Nettverkssamling	40000	48500	8500
05 Ungdommens fylkesting	76000	60500	-15500
<b>Totalt</b>	<b>137000</b>	<b>119000</b>	<b>-18000</b>

**11231 Møteutgifter**

01 Utvalsmøtar	7000	9500	2500
02 Eigen organisasjon	0	0	0
03 Kurs og konferansar	0	0	0

04 Nettverkssamling	0	90000	90000
05 Ungdommens fylkesting	62000	91000	29000
<b>Totalt</b>	<b>69000</b>	<b>190500</b>	<b>121500</b>

## 11401 Gåver

01 Utvalsmøtar	1000	2000	1000
02 Eigen organisasjon	0	0	0
03 Kurs og konferansar	0	0	0
04 Nettverkssamling	1000	1000	0
05 Ungdommens fylkesting	3000	4000	1000
<b>Totalt</b>	<b>5000</b>	<b>7000</b>	<b>2000</b>

## 11500 Kurs / kompetanseheving

01 Utvalsmøtar	0	5000	5000
02 Eigen organisasjon	0	0	0
03 Kurs og konferansar	10000	37500	27500
04 Nettverkssamling	40000	0	-40000
05 Ungdommens fylkesting	0	5000	5000
<b>Totalt</b>	<b>50000</b>	<b>47500</b>	<b>-2500</b>

## 11600 Bilgodtgjersle

01 Utvalsmøtar	6000	3000	-3000
02 Eigen organisasjon	0	0	0
03 Kurs og konferansar	1000	1000	0
04 Nettverkssamling	0	500	500
05 Ungdommens fylkesting	1000	500	-500
<b>Totalt</b>	<b>8000</b>	<b>5000</b>	<b>-3000</b>

## 11610 Kostgodtgjersle

	<i>Rekneskap 2014 per 060114</i>	<i>Budsjett 2014</i>	<i>Avvik</i>
01 Utvalsmøtar	2000	0	-2000
02 Eigen organisasjon	0	0	0
03 Kurs og konferansar	2000	0	-2000
04 Nettverkssamling	1000	0	-1000
05 Ungdommens fylkesting			
<b>Totalt</b>	<b>5000</b>	<b>0</b>	<b>-5000</b>

## 11696 Honorar

01 Utvalsmøtar	0	0	0
02 Eigen organisasjon	0	3000	3000
03 Kurs og konferansar	0	0	0
04 Nettverkssamling	7000	5000	-2000
05 Ungdommens fylkesting		2000	
<b>Totalt</b>	<b>7000</b>	<b>10000</b>	<b>3000</b>

## 11700 Reiseutgifter

01 Utvalsmøtar	6000	4000	-2000
02 Eigen organisasjon	0	0	0
03 Kurs og konferansar	12000	1500	-10500
04 Nettverkssamling	4000	3000	-1000
05 Ungdommens fylkesting	3000	11000	8000
<b>Totalt</b>	<b>25000</b>	<b>19500</b>	<b>-5500</b>

<b>Totalt utgifter</b>	<b>312500</b>	<b>415000</b>	<b>102500</b>
------------------------	---------------	---------------	---------------

## 16231 Inntekt kursverksemd

01 Utvalsmøtar	0	0	0
02 Eigen organisasjon	0	0	0
03 Kurs og konferansar	0	0	0
04 Nettverkssamling	42000	85000	-43000
05 Ungdommens fylkesting	82000	100000	-18000
<b>Totalt</b>	<b>124000</b>	<b>185000</b>	<b>-61000</b>

<b>Totalt inntekter</b>	<b>124000</b>	<b>185000</b>	<b>-61000</b>
-------------------------	---------------	---------------	---------------

<b>Balanse</b>	<b>-188500</b>	<b>-230000</b>	<b>-41500</b>
----------------	----------------	----------------	---------------

Og slik på dei ulike prosjekta:

Rådsmøter	Rekneskap 2014 per 060114	Budsjett 2014	Avvik
11011 Trykking	1500	500	-1000
11150 Bevertning/matvarer	20000	10000	-10000
11231 Møteutgifter	7000	9500	2500
11401 Gåver	1000	2000	1000
11500 Kurs / kompetanseheving	0	5000	5000
11600 Bilgodtgjersle	3000	3000	0
11610 Kostgodtgjersle	2000	0	-2000
11696 Honorar	0	0	0
11700 Reiseutgifter	6000	4000	-2000
<b>Totale utgifter</b>	<b>40500</b>	<b>34000</b>	<b>-6500</b>
16231 Inntekt kursverksemd	0	0	0
<b>Totale inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Balanse</b>	<b>-40500</b>	<b>-34000</b>	<b>6500</b>

Eigen organisasjon	Rekneskap 2014 per 060114	Budsjett 2014	Avvik
11011 Trykking	500	8000	
11150 Bevertning/matvarer	0	0	0
11401 Gåver	0	0	0
11500 Kurs / kompetanseheving	0	0	0
11600 Bilgodtgjersle	0	0	0
11610 Kostgodtgjersle	0	0	0
11696 Honorar	0	3000	3000
11700 Reiseutgifter	0	0	0
<b>Totale utgifter</b>	<b>500</b>	<b>11000</b>	<b>10500</b>
16231 Inntekt kursverksemd	0	0	0
<b>Totale inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Balanse</b>	<b>-500</b>	<b>-11000</b>	<b>-10500</b>

Kurs og konferansar	Rekneskap 2014 per 060114	Budsjett 2014	Avvik
11011 Trykking	0	0	
11150 Bevertning/matvarer	1000	0	-1000
11401 Gåver	0	0	0
11500 Kurs / kompetanseheving	10000	37500	27500
11600 Bilgodtgjersle	1000	1000	0
11610 Kostgodtgjersle	2000	0	-2000
11620 Administrativ forpleining	0	0	0
11696 Honorar	0	0	0
11700 Reiseutgifter	12000	1500	-10500
<b>Totale utgifter</b>	<b>26000</b>	<b>40000</b>	<b>14000</b>
16231 Inntekt kursverksemd	0	0	0
<b>Totale inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Balanse</b>	<b>-26000</b>	<b>-40000</b>	<b>-14000</b>

Nettverkssamling	Rekneskap 2014 per 060114	Budsjett 2014	Avvik
11011 Trykking	0	500	
11150 Bevertning/matvarer	40000	48500	8500
11231 Møteutgifter	0	90000	90000
11401 Gåver	1000	1000	0
11500 Kurs / kompetanseheving	40000	0	-40000
11600 Bilgodtgjersle		500	500
11610 Kostgodtgjersle	1000	0	-1000
11696 Honorar	7000	5000	-2000

11700 Reiseutgifter	4000	3000	-1000
Totale utgifter	93000	148500	55500
16231 Inntekt kursverksemd	42000	85000	-43000
Totale inntekter	42000	85000	-43000
Balanse	-51000	-63500	-12500

Ungdommens fylkesting	Rekneskap 2014 per 060114	Budsjett 2014	Avvik
11011 Trykking	2000	7500	
11150 Beverting/matvarer	76000	60500	-15500
11231 Møteutgifter	62000	91000	29000
11401 Gåver	3000	4000	1000
11500 Kurs / kompetanseheving	0	5000	5000
11600 Bilgodtgjersle	1000	500	-500
11610 Kostgodtgjersle	0	0	0
11696 Honorar	0	2000	2000
11700 Reiseutgifter	3000	11000	8000
Totale utgifter	147000	181500	34500
16231 Inntekt kursverksemd	82000	100000	-18000
Totale inntekter	82000	100000	-18000
Balanse	-65000	-81500	-16500
<b>Totalt</b>	<b>-183000</b>	<b>-230000</b>	<b>-47000</b>

Avviket beskriv skilnaden mellom det som var budsjettert og det som vart brukt på dei ulike postane. Der avviket er blått har det vore brukt mindre enn planlagt og der avviket er raudt har det vore brukt meir. Det som står i grønt tydar på at det har vore flytta summar mellom dei da dei er knytt til feil post. Til eksempel er det lagt 40 000 kr frå overnatting og leige av rom på Nettverkssamlinga under Kurs/konferansar i staden for Møtekostnadar der dei burde ligge. Derfor er dei flytt for å gi eit så riktig bilete som mogleg av situasjonen.

Ungdommens fylkesutval har gjennomført to store arrangement, Ungdomens fylkesting og Nettverkssamlinga (sistnemnte over to dagar), og har vore aktivt med på kurs, konferansar, og andre arrangement, i tillegg til å hatt mange møter. På tross av dette har Ungdommens fylkesutval klart å halde seg innanfor budsjettramen på 230 000 kr med ein balanse på 41 500 kr i pluss.

Det er nokre postar kor ein har gått over budsjettet og det er i hovudsak i samband med reise. Enten direkte reise eller diett i samband med reise. Dette er pengar ein får når ein reiser langt og må ete på vegen. Budsjettet er på desse punkta overskride med 13 500 kr. Det andre området der ein har overskride budsjettet er på beverting/matvarer. Det gjeld utgifter til mat på møter i Ungdommens fylkesutval og i samband med Ungdommens fylkesting. Når det gjeld det sistnemnte er dette ein utgiftspost som korresponderer med ein inntekstpost. Grunna til det er at det er kommunane som betalar hovudparten av kostnadane ved overnatting og mat under Ungdommens fylkesting via ein eigenandel som vert betalt for å delta. Så dess fleir som deltek dess høgare vert utgifter til mat og dess høgare vert inntekta. Det er altså pengar som kjem inn og så vert betalt ut igjen med ein gong.

På alle dei andre postane har det vore brukt mindre, og til dels mykje mindre, enn det var budsjettert. Særskilt på Kurs/kompetanseheving har ein brukt 35 000 kr mindre enn planlagt. Ein forklaring kan vere at når denne posta vart auka under Ungdommens fylkesting rekna ein inn utgifta ved reise og opphald og under denne posten. Det kan ein sjå igjen på at utgifter til reise har gått over budsjett. Også møteutgifter var mykje lågare, men og her kan ein sjå ein samanheng med at dei store summene som fell på denne og på Beverning/matvarer. Kostnadane til Ungdommens fylkesting og Nettverkssamlinga har kanskje vore plassert feil, enten i budsjettet eller i rekneskapet. Det er og to slike postar som aukar og minskar tilsvarande med inntekta og talet på deltakarar.

Alt i alt kan ein vere nøgd med eit rekneskap som visar til stor aktivitet, og framleis ligg innafor budsjett.

#### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval godkjenner rekneskapet som vert lagt fram, med vissheit om at det endelege resultatet kan endre seg noko.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/560-147  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	17/15	23.01.2015

### Opplagg for nytt Ungdommens fylkesutval

#### Samandrag

Det nye Ungdommens fylkesutval vert vald 13.-15. februar på Ungdommens fylkesting. Det er planlagt at dei skal ha sitt første møte 18. februar og så ha sitt første helgemøte 6.-8. mars. I etterkant av dette kjem Dialogdagen og presentasjon for fylkestinget.

Kva meiner nåverande Ungdommens fylkesutval bør vere på programmet den helga og kva skal det nye Ungdommens fylkesutval gjere? Kor skal det vere? Administrasjonen ber Ungdommens fylkesutval kome med innspel til eit opplagg for den første arbeidshelga.

#### Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å kome med følgjande innspel:

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





Arkivnr: 2014/560-143  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	18/15	23.01.2015

## Årsmelding 2014 for Ungdommens fylkesutval

### Saksutgreiing

Ungdommens fylkesutval må levere ein årsmelding til Ungdommens fylkesting 13.-15. februar, samt til det ordinære fylkestinget seinast til møtet i juni. Derfor må årsmeldinga vere vedteke av Ungdommens fylkesutval seinast 3. februar for å verte sendt ut i tide til deltakarane på Ungdommens fylkesting.

Årsmelding er ein rapport om kva ein har gjort i førre kalenderår, kva ein har jobba for, fått til eller eventuelt ikkje fått til. Den skal vere kortfatta og presis, men kan gjerne innehalde nokre politiske standpunkt eller ønskjer, særleg i eit slutord. Det er viktig at språket er slikt at det er lett å forstå.

Her er eit forslag til administrasjonen si del av årsmeldinga:

#### «**Administrasjonen**

*2014 er det fyrste året Hordaland fylkeskommune har hatt fullt ansvar for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval eit heilt år. Året har vore brukt til å fastsette ein del rutinar og å knyte kontakt med fagavdelingane og politikarar.*

*Hordaland fylkeskommune har tre tilsette som jobbar for å legge til rette for Ungdommens fylkesutval. Det er Ingeborg Borgen Takle, som er rådgjevar og sekretær for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, Dianne Kilvær, som organiserer store arrangement som Nettverkssamlinga og Ungdommens fylkesting og som tek seg av bestilling av reiser, påmelding til kurs og hotellovernattingar, og Thamina Akter Khan som tek seg av bestilling av møterom og mat og drikke til desse. Alle tre er tilsett i organisasjonsavdelinga til Hordaland fylkeskommune.*

*Samarbeidet mellom administrasjonen og Ungdommens fylkesutval har gjennom året vore bra.*

#### **Økonomi**

*Ungdommens fylkesutval har gjennomført to store arrangement, Ungdomens fylkesting og Nettverkssamlinga (sistnemnte over to dagar), og har vore aktivt med på kurs, konferansar, og andre arrangement, i tillegg til å hatt mange møter. På tross av dette har Ungdommens fylkesutval klart å halde seg innanfor budsjetttramen på 230 000 kr med ein balanse på 44 000 kr i pluss.*

*Det er nokre postar kor ein har gått over budsjettet og det er i hovudsak i samband med reise. Enten direkte reise eller diett i samband med reise. Dette er pengar ein får når ein reiser langt og må ete på vegen. Budsjettet er på desse punkta overskride med 13 500 kr. Det andre området der ein har overskride budsjettet er på bevertning/matvarer. Det gjeld utgifter til mat på møter i Ungdommens fylkesutval og i samband med Ungdommens fylkesting. Når det gjeld det sistnemnte er dette ein utgiftspost som korresponderer med ein inntekstpost. Grunna til det er at det er kommunane som betalar hovudparten av kostnadane ved overnatting og mat under Ungdommens fylkesting via ein eigenandel som vert betalt for å delta. Så dess fleir som deltek dess høgare vert utgifter til mat og dess høgare vert inntekta. Det er altså pengar som kjem inn og så vert betalt ut igjen med ein gong.*

*På alle dei andre postane har det vore brukt mindre, og til dels mykje mindre, enn det var budsjettet. Særskilt på Kurs/kompetanseheving har ein brukt 35 000 kr mindre enn planlagt. Ein forklaring kan vere at når denne posta vart auka under Ungdommens fylkesting rekna ein inn utgifta ved reise og opphald og under denne posten. Det kan ein sjå igjen på at utgifter til reise har gått over budsjett. Også møteutgifter var mykje lågare, men og her kan ein sjå ein samanheng med at dei store summene som fell på denne og på Bevertning/matvarer. Kostnadane til Ungdommens fylkesting og Nettverkssamlinga har kanskje vore plassert feil, enten i budsjettet eller i rekneskapet. Det er og to slike postar som aukar og minskar tilsvarande med inntekta og talet på deltakrar.*

*Alt i alt kan ein vere nøgd med eit rekneskap som visar til stor aktivitet, og framleis ligg innafor budsjett.»*

#### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval skriv og vedtek ein årsmelding i møtet.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/560-145  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	19/15	23.01.2015

## Førebuing Ungdommens fylkesting 2015

### Samandrag

Ungdommens fylkesutval arrangerer Ungdommens fylkesting 13.-15. februar på Quality Hotel Edvard Grieg. I samband med det må følgjande vere klart:

- Program for Ungdommens fylkesting (vedlagt ligg programmet frå i fjor)
- Praktisk planlegging, kven er ansvarleg for kva, reglar, osv
- Alle tingdokument
- Kommunikasjon med desisjonskomite, ordstyrarar
- Finne kandidatar til valkomite og redaksjonskomite bland dei påmelde

Per 09.01.14 er det 10 påmelde frå Stord, Bergen, Eidfjord, Askøy og Sør-Trøndelag.

### Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval utarbeidar og vedtek dei naudsynte dokument i møtet.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



# Ungdommens fylkesting 2014

25.-26. januar 2014

Fleischers hotell, Voss

## PROGRAM

### LAURDAG 25. JANUAR:

10.00-11.00	Registrering
11.00-11.15	<b>Velkommen v/leiar i Ungdommens Fylkesutval Lars Henrik Nesse Strømmen</b>
11.15-11.45	<b>Bli kjend aktivitetar, presentasjon av UFU og praktisk info</b>
11.45-12.00	<b>Konstituering</b>
12.00-12.15	Pause
12.15-12.45	<b>Innlegg til Ungdommens fylkesting v/fylkesvaraordførar Mona Haugland Hellesnes</b>
12.45-13.00	<b>Innlegg frå gjestar</b>
13.00-14.00	Lunsj
14.00-14.30	<b>Årsmelding, rekneskap og budsjett</b>
14.30-15.15	<b>Sakshandsaming</b>
15.15-15.30	Pause
15.30-19.00	<b>Sakshandsaming</b>
19.00	Innsjekking
20.00	<b>Middag og innleveringsfrist for forslag</b>

Etter middag vert det sosiale aktivitetar på hotellet.

## **SØNDAG 26. JANUAR:**

<b>09.00-09.15</b>	<b>Praktisk info</b>
<b>09.15-10.00</b>	<b>Sakshandsaming</b>
10.00-10.15	Pause
<b>10.15-13.00</b>	<b>Sakshandsaming</b>
13.00-14.00	Lunsj
<b>14.00-15.00</b>	<b>Sakshandsaming</b>
<b>15.00</b>	<b>Avslutning</b>

Det nye UFU må rekne med eit kort møte etter avslutninga søndag.

Arkivnr: 2014/560-127  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	91/14	14.11.2014
Ungdommens fylkesutval	103/14	12.12.2014
Ungdommens fylkesutval	20/15	23.01.2015

## UR+UFU=SANT

### Samandrag

I møtet 4. november 2014 gjorde Ungdommens fylkesutval slikt vedtak:

«Ungdommens fylkesutval er uroa for at oppfølginga av dei kommunale ungdomsråda ikkje er god nok. Eit forslag er at to-tre utvalsmedlemar har ansvar for ein region i fylket, til dømes Nordhordaland, Sunnhordaland og Hardanger. Ungdommens fylkesutval vedtek å ta opp dette punktet som ein sak på neste rådsmøte. Eigen organisasjon skal kome med eit forslag til ein ordning med praktiske detaljer.»

### Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

#### Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å utsetje denne saka til neste møte 12.12.14.

### Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014

#### Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtok å utsette saka til møtet i januar.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2014/560-144  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	21/15	23.01.2015

## Ungdommens storting - oppfølging

### Samandrag

Ungdommens fylkesutval har jobba med å få kontakt med dei andre fylkeskommunane angående oppretting av eit Ungdommens storting. Ungdomsrådet i Oslo har teke dette vidare, og 9. desember kom følgjande mail med frist for svar til 1. februar:

*«Håper dere har det bra, og at arbeidet i fylkene går godt! Jeg beklager treg tilbakemelding fra min side. Det handler om at mye har skjedd denne høsten, kombinert med at jeg trodde flere formelle svar skulle komme. Nå er innspillene i alle fall oppsummert og samlet.*

### **Forslag til prosess vidare:**

*Det blir feil om jeg skal holde i dette vidare, mener jeg. Forslaget er derfor at valgte ungdommer fra alle fylker jobber med dette vidare, både når det gjelder endelige formuleringer, utsending og strategi for arbeid. Jeg kan gjerne bistå med innspill og forslag i dette arbeidet, om ønskelig. Spørsmålet er bare hvem og hvordan.*

*Forslag: At alle fylkene velger en til to representanter til Facebookgruppa "Ungdommens Storting", som så kan jobbe med dette vidare. Disse bør koordinere seg med gruppen "Nasjonalt ungdomsråd", som ble opprettet etter møtet med Solveig Horne, der jeg forstår det slik at de aller fleste fylker har en representant.*

### **Kan jeg få tilbakemelding innen 1. februar?:**

**1. Kan jeg få tilbakemelding på om vi ønsker foreslått prosess, altså at valgte representanter fra alle fylker (som vil) jobber med dette vidare, og hvem (navn og mail) som velges fra fylket? (Facebookgruppe "Ungdommens Storting") (Alternativt at Nasjonalt ungdomsråd jobber med dette)**

**2. Tilbakemelding på om Forslag til uttalelse kan vedtas støttet av fylket, selv om ikke alle ønsker er inne i dokumentet? Dersom man er sterkt uenig i noe- si fra.**

### **Den eksisterende uttalelsen med endringsforslag:**

Her kommer tilbakemelding og forslag til endringer på uttalelse, etter innspillsrunde. Grunntanken er at dette er et **første brev**, slik at man kan fokusere på at man ønsker nasjonalt medvirkningsorgan, samt noen prinsipper vi alle kan enes om. Mer konkrete ønsker kan komme senere i prosessen. Det er tankegangen bak endringene som er foreslått.

Jeg har fått formelle svar fra 9 fylker:

Hordaland, Oppland, Vest-Agder, Hedmark, Nord-Trøndelag, Telemark, Møre og Romsdal, Vestfold og Buskerud. (+ Oslo)

Mangler formelt svar fra 6 fylker:

Nordland, Aust-Agder, Troms, Akershus, Sør-Trøndelag og Østfold

3 fylker har ikke medvirkningsorgan:

Rogaland, Sogn og Fjordane og Finnmark.

Ingen har meldt fra at de ikke ønsker nasjonalt medvirkningsorgan.

### **Endringsforslag:**

Alder:

Endringsforslag har, som dere kan se, omhandlet **alder** for det nasjonale medvirkningsorgan for ungdom. Forslaget var 13-19 år, som fem fylker støttet. Hordaland og Hedemark foreslo 21 år, mens Telemark og Buskerud foreslo 24 år (FNs ungdomsdef). Fordi vi er uenige om alder er det forslag om å ta ut setningen om alder i dette start-brevet. Innspill på dette kan komme i senere prosess. Se linje 10.

Skal Ungdommens Storting være bygget på (partipolitisk uavhengige) kommunale og fylkeskommunale medvirkningsorgan?

Hordaland, Hedemark Buskerud har fremmet dette endringsforslaget, i ulike språkdrakt. Slik jeg ser det: Fordel er at det er tydelig at det er dette man vil. Ulempe er at man ikke åpner for ungdomsgrupper som (kanskje?) ikke blir representert inn i fylkeskommunale medvirkningsorgan per i dag, eks. noen sårbare grupper som kanskje kunne velge egne representanter, for å få deres syn på banen. Se linje 17-19 for foreslått endring.

Ungdommens storting er ikke opplæring

Møre og Romsdal påpeker også at UST ikke er opplæring og at representanter skal være erfarne med politisk arbeid i kommune og fylke. Har derfor tatt vekk linje

Ellers mindre endringer:

Innspill om geografisk spredning på dem som velges til å jobbe med saker hele året, samt mindre redaksjonelle endringer. Endringer som ikke er tatt med: Innspill fra Hedemark om å velge 2 representanter fra hvert fylke. Tanken er at dette forslaget kan tas med videre i prosessen, fordi det er svært konkret.

### **Vedlagt:**

Forslag til Uttalelse om Ungdommens storting etter innspill. Endringer markert.

Forslag til Uttalelse om Ungdommens storting etter innspill. Endringer IKKE markert.

De formelle innspillene fra alle fylkene som har sendt det.

PS. Dersom noe er feil - si gjerne fra, det er mest sannsynlig ikke en bevisst handling:)

Jeg legger også dette ut på facebookgruppa "Ungdommens Storting" og "Nasjonalt ungdomsråd".»

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval skriv og vedtek eit svar i møtet.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

PS 22/15 Ymse